



Arkivsak

26/10298-2

Sakshandsamar

Tore Felland Storhaug

Saksgang

Fylkeskommunalt råd for personer med

funksjonsnedsettelse

Fylkeskommunalt eldreråd

Hovedutvalg for samferdsel

Møtedato

20.05.2026

19.05.2026

27.05.2026

Svar på høyring - Utgreiing av bebuaroblat på ferje

Innstilling frå fylkesdirektøren

Telemark fylkeskommune rår Statens vegvesen til å rå Samferdselsdepartementet til å innføre oblatordning for fastbuande på øyer.

Telemark fylkeskommunen rår i frå at det vert innført fortrinnsrett, ved kapasitetsutfordringar bør det heller innførast takstdifferensiering.

Det bør også leggjast til rette for takstdifferensiering fastland/fastland, slik at fastbuande med hyppig reisefrekvens framleis har eit rimeleg tilbod.

Bakgrunn og saksgang

Statens vegvesen er av Samferdselsdepartementet beden om å utgreie om bebuaroblat og andre ordningar kan sikre lokale reiser betre tilgang på ferjer. Bakgrunnen for dette er vedtak i stortinget, Prop. 146 S (2024-2025) og Innst. 540 S (2024-2025).

Som følgje av at ordninga med gratis ferje var underfinansiert frå staten (dekte ca. 40 % av inntekts tapet i Telemark), innførte Telemark fylkeskommune betaling delar av året frå påska 2024. Fastbuande på øyer reiser framleis gratis ved hjelp av bebuaroblat utferda av kommunen dei bur i (Porsgrunn og Kragerø). Vi har difor røynsle frå sumarhalvåret i to år med bebuaroblat for fastbuande på øyer. Sidan høyringsfristen er 31.05, gjer hovudutval for samferdsel endeleg vedtak. Og saka vert sendt som høyringsuttala frå Telemark fylkeskommune.

Saksopplysningar

I tillegg til bebuaroblat for å sikre bebuarar gratis ferje, vil Statens vegvesen vurdere om fortrinnsrett og takstdifferensiering i tillegg kan sikre lokale reisande betre tilgang på ferjer.

Statens vegvesen ber om innspel på konsekvensar også økonomisk administrative for å handtere slike ordningar.

I dag er det utrykkingskøyretøy og buss i rute som har fortrinnsrett, i tillegg til lege, jordmor, heimesjukepleie, prest, veterinær og politi på oppdrag.

I Telemark er det låg takst for reisande fastland-fastland (Stabbestad-Kragerø), men den aukar når ein kjem til sumarhalvåret/turistsesongen.

I Telemark er ca. 1000 innbyggjarar omfatta av oblatordninga som gjev gratis ferje, med inntil tre køyretøy, inklusiv tilhengar. Tenestetorget har tilgang til folkeregisteret, og kan då enkelt kontrollere kven som har rett til oblat for gratis ferje. Ordninga med oblat og gratis reise gjeld ikkje for næringsverksemdar, då vi har vore varsame med å utfordre EØS regelverket ved å ikkje handsome næringsdrivande likt. Det er forståeleg at for samband og fylke som er knytt opp til AutoPASS vil det vera føremålstenleg å knytte det opp mot køyretøy. På desse sambanda reiser uansett passasjerar gratis. I Telemark der mykje av etterspurnaden er knytt til personreiser i Kragerø, er innføring av AutoPASS lite aktuelt.

Fortrinnsrett:

Saman med ferjeselskapet (Fergene Telemark FKF) har vi kome til at det ikkje er naudsynt å operere med fortrinnsrett. Ut i frå prinsipp om likebehandling kan vi ikkje forsvare at ein som reiser gratis med køyretøy skal koma før ein som har betalt for å reise med køyretøy. Om ein bur på ei øy og har oblat, er det på ingen måte sikkert at den reisande treng å ha med seg bil. Då det vart gratis ferje auka køyretøy Brevik-Sandøya i Porsgrunn med over 160 %. På denne øya er det relativt kort veg til ferja, under 2 km. I Kragerø var trafikkveksten mindre med 15-20 %, der kapasitet er ein av skrankane. I Fergene Telemark FKF vel ein heller å løyse det ved at dei betalande via billettprisen finansierer ekstraturar, året sett under eitt. Men fastbuande på øyene har ikkje fortrinnsrett, og må vente i den turen dei kom på ferjekaien.

Infrastrukturen er heller ikkje tilpassa til å operere med oppstillingsplassar med fortrinnsrett. Vi stør Statens vegvesen sine vurderingar rundt ulemper og utfordringar rundt fortrinnsrett.

Takstdifferensiering:

I Telemark er det takstdifferensiering i tre nivå: gratis for fastbuande på øyer, låg pris utanfor sesong fastland/fastland og høg pris i turistsesong. Pris er ein av dei viktigaste verkemidla for å regulere etterspurnad i høve til kapasitet, og for å finansiere utvikling av tilbodet, i samsvar med endra etterspurnad. Med dagens billettsystem er det utfordrande å få inn fleire differensierte takstar.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Oblatordninga kostar vertskommunen ca. ei full stilling i ei veke – 14 dagar ved oppstart av betaling kvar sesong. I tillegg til noko endringar i sesongen.

I 2022 då det gjekk ei lita ferje i Brevik, hadde vi ei ordning med at reisande kunne tinge plass på ferja. For å handtere dette trong ein ei 60 % stilling som handterte dette i tillegg til rekneskapsoppgåver. Det var særleg naudsynt i samband med helge- og ferietrafikk, men også for større næringstransport. Bygging av ekstra oppstillingsplass for køyretøy med føretrinn vil

medføre store kostnader, fyrst og fremst i Kragerø for fylkeskommunen. Avbøtande tiltak i samband med fortrinn, vert etter vår vurdering så omfattande at det gjev negativ nytte.

Utviding av differensierte takstar vil innebera auka kostnader og arbeidsmengde i samband med utvikling av billettsystem. For Telemark som har vesentlege inntekter frå passasjertrafikk, er det ikkje aktuelt å innføre AutoPASS då ein taper passasjerinntekter.

Det er fylkeskommunen som er takstmynde, dersom Stortinget skal innføre nasjonalt regulativ eller på annan måte fastsetje takstane må regelverk på området tilpassast, mellom anna innskrenke den fylkeskommunale autonomien.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Innstramming av ordninga gratis ferje slik at den omfattar færre, vil føre til færre køyretøy på ferje, og legge mindre press på utbygging av ferjekaier og fartøy. Konsekvensen kan bli reduserte utslepp, som er positivt for å oppfylle klimamåla.

Fylkesdirektørens vurdering

Telemark fylkeskommune har i tidlegare høyringar og uttaler uttala at på samband med inntektsgrunnlag, bør ein nytte inntekspotensialet for å finansiere eit tilbod i tråd med etterspurnaden for brukarane. Det står vi ved, for alle kollektivreiser.

Oblatordninga med gratis reiser for fastbuande på øyer har fungert bra, og er godt motteke lokalt etter at den vart utvida til tre køyretøy inklusiv tilhengar. Fylkesdirektøren er positiv til å vidareføre dagens ordning. Aberet med ordninga er at den ikkje gjev incentiv til samkøyring, for fastbuande på øyer.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er ulempene og utfordringane ved innføring av fortrinnsrett større enn nytta, vi vil ikkje stø eller innføre ei slik ordning i Telemark.

Fylkesdirektøren stø ei utgreiing av takstdifferensiering med volumrabatt, for Telemark vil det krevje at EnTur gjer ein utviklingsjobb før det kan implementerast. For Kragerø bør tidsdifferensieringa starte til påske og strekke seg t.o.m. haustferien, i perioden medio oktober til mars går etterspurnaden vesentleg ned.

Fylkesdirektøren ser det som ei utfordring med stadig fleire føringar som reduserer fylkeskommunen sit handlingsrom innan kollektivtrafikken. Frå før har ein klare kvalitetskriterium til skuleskyss, dernest fekk ein gratis ferje, så redusert pris på periodekort, som indirekte påverkar andre billettprisar. At staten no vurderer avbøtande tiltak etter innføring av gratis ferje er positivt, men det må etter fylkesdirektøren si vurdering vera fylkeskommunen som vel kva for takst og administrasjonsordningar ein tek i bruk.

Vedlegg:

Høring - Utredning om beboerbevis på ferje

Utredning om beboerbevis for ferje

Høring - Utredning om beboerbevis på ferje